



ODDA KOMMUNE



Hardanger



Det Kongelige Kommunal- og Moderniseringsdepartement
Postboks 8112 Dep
Akersgt. 59
0032 OSLO

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2018000530 - 3	Saksbeh:	Hege Korssund Lutro	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2018009085	Telefon:	53 65 40 34	K1-026, K3- &23	08.06.2018

OF-sak 025/18: Fråsegn frå Odda kommune om overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunen

Vedlagt følger vedtak.

Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.

Vennlig hilsen
For Politisk

sign.
Roald Aga Haug
ordfører

Hege Korssund Lutro
Hege Korssund Lutro
Sekretær



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Odda formannskap	03.05.2018	025/18

Fråsegn frå Odda kommune om overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunen

Dokumentnr	Tittel
357486	regionreform---rapport-fra-ekspertutvalget

Ordføraren sitt forslag til

vedtak:

Odda formannskap viser ti Hardangerrådet sin høyringsuttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med «Regionreformen – Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene»

Odda formannskap støttar hovudprinsippa og vurderingane som vert lagt til grunn i ekspertutvalet sin rapport. Å flytta oppgåver og ansvar nærare innbyggjarane vil styrka lokaldemokratiet og medverka til betre utvikling av distriktsregionane.

Odda formannskap vil at dei nye oppgåvene som vert overført til fylkeskommunane **skal sjåast som eit høve til å styrkja distrikta i dei nye fylka med å plasserast i regionsenter i fylka i staden for å verta lagt til den eksisterande fylkeskommunale administrasjonen.**

Odda formannskap vil særskilt kommentera desse områda i rapporten:

• **Barnevern:** Vi ser det som viktig at oppgåver innanfor barnevern vert handtert

på eit lågast mogeleg nivå, og vil difor sjå det som best om dette vert verande ikommunane (interkommunale samarbeid) under føresetnad at kompetanse og økonomiske rammer er tilfredsstillande.

• **Klima, miljø og naturressursar:** Vi ser det som positivt at mynde for å fatta vedtak på dette feltet vert flytta til fylkeskommunen. Det bør etter avklaring om overførte oppgåver frå staten gjerast ein ny gjennomgang av delegasjonsreglementet i fylkeskommunen.

• **Helse og levekår:** Enkelte av oppgåvene innanfor dette området ivaretek behov hos ressurssvake grupper. Det krev at tilboda som vert gjevne er like for heile landet og det kan stillast spørsmål t.d. Statped bør vidareførast som statleg ansvar.

For Odda er det viktig å nemna nokre prosjekt det har vore arbeidd med over lengre tid for å etablera statlege funksjonar i regionen. Formanskapet meiner at desse prosjekta er naturlege å utgreia nærare i samband med førebuing og gjennomføring av den oppgåveflyttinga som rapporten omtalar.

Konkrete prosjekt i Hardanger er:

- Kontor for nasjonalt våpenregister i Odda / nye Ullensvang
- Senter for industriarkiv SINDARK i Odda / Nye Ullensvang
- Norsk jordskiftesenter - Agatunet i Ullensvang/ Nye Ullensvang
- Kompetansesenter for forvaltning av freda og verneverdige vasskraft- og industrianlegg - Odda/Tyssedal/ nye Ullensvang
- Nasjonalt fartøyvern for trebåt Norheimsund i Kvam

Ordføraren i Odda, 26.04. 2018

03.05.2018 Odda formannskap

Behandling:

Opdal (H) føreslo: Etabler fylkeskommunalt karriæresenter i Hardanger lokalisert i Odda / nye Ullensvang (vart ikkje votert over
Utsetting av frist for uttale vert sjekka

OF-025/18 Vedtak:

Samr. innstilling / vedtak :

Odda formannskap viser til Hardangerrådet sin høyringsuttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med «Regionreformen – Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene»

Odda formannskap støttar hovudprinsippa og vurderingane som vert lagt til grunn i ekspertutvalet sin rapport. Å flytta oppgaver og ansvar nærare innbyggjarane vil styrka lokaldemokratiet og medverka til betre utvikling av distriktsregionane.

Odda formannskap vil at dei nye oppgåvene som vert overført til fylkeskommunane **skal sjåast som eit høve til å styrkja distrikta i dei nye fylka** med å plasserast i regionsenter i fylka i staden for å verta lagt til den eksisterande fylkeskommunale administrasjonen.

Odda formannskap vil særskilt kommentera desse områda i rapporten:

- **Barnevern:** Vi ser det som viktig at oppgaver innanfor barnevern vert handtert på eit lågast mogeleg nivå, og vil difor sjå det som best om dette vert verande ikommunane (interkommunale samarbeid) under føresetnad at kompetanse og økonomiske rammer er tilfredsstillande.
- **Klima, miljø og naturressursar:** Vi ser det som positivt at mynde for å fatta vedtak på dette feltet vert flytta til fylkeskommunen. Det bør etter avklaring om overførte oppgaver frå staten gjerast ein ny gjennomgang av delegasjonsreglementet i fylkeskommunen.
- **Helse og levekår:** Enkelte av oppgåvene innanfor dette området ivaretek behov hos ressursvake grupper. Det krev at tilboda som vert gjevne er like for heile landet og det kan stillast spørsmål t.d. Statped bør vidareførast som statleg ansvar.

For Odda er det viktig å nemna nokre prosjekt det har vore arbeidd med over lengre tid for å etablera statlege funksjonar i regionen.

Formannskapet meiner at desse prosjekta er naturlege å utgreia nærare i samband med førebuing og gjennomføring av den oppgåveflyttinga som rapporten omtalar.

Konkrete prosjekt i Hardanger er:

Kontor for nasjonalt våpenregister i Odda / nye Ullensvang

- Senter for industriarkiv SINDARK i Odda / Nye Ullensvang
- Norsk jordskiftesenter - Agatunet i Ullensvang/ Nye Ullensvang
- Kompetansesenter for forvaltning av freda og verneverdige vasskraft- og industrianlegg - Odda/Tyssedal/ nye Ullensvang
- Nasjonalt fartøyvern for trebåt Norheimsund i Kvam

Saka gjeld:

Sakstiltfang: sjå vedlegg 1

Saksutgreiing:

Det regjeringsoppnemnde ekspertutvalet la 1. februar fram rapporten «**Regionreformen – Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene**».

Rapporten vil leggja grunnlaget for Stortinget si handsaming av sak om overføring av oppgåver som skal overførast frå staten til dei nye regionane (fylkeskommunane)
Saksvedlegget gjev ei punktvis oppstilling av dei viktigaste oppgåver som rapporten nemner.

Det vert i rapporten **ikkje** nemnt noko om korleis fylkeskommunane skal organisera/plassera dei nye oppgåvene. Til no har det gjerne blitt gjort sentralt i regionen knytta opp til eksisterande fylkeskommunal administrasjon: Det bør kunna leggjast aktive føringar for at overførte oppgåver skal tena ein meir desentralisert struktur dei nye fylkeskommunane. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett høyringsfrist til 9. mai 2018.

Saksvurdering:

Hardangerrådet har hatt dialog arbeidsgruppa for statlege arbeidsplassar (ASA) i nye Ullensvang kommune. Etter vårt syn er det viktig at vår høyringsuttale peikar på at det må verta lagt føringar for korleis dei nye fylkeskommunane skal organisera/plassera dei nye oppgåvene. Dersom dei nye oppgåvene vert knytta opp til den eksisterande fylkeskommunale administrasjonen vil det berre forsterka den skeive utviklinga vi har sett dei seinare åra med auke i talet på fylkeskommunale arbeidsplassar sentralt i fylket samstundes som talet har gått kraftig ned i distriktsregionene. Framlegget vårt peikar på at det no er ein sjangse til å ta aktive grep for å skira ei meir balansert utviklin gav dei nye regionane som no vert skapte .

Odda formannskap ser det også som viktig å særskilt nemna etablering av statlege funksjonar i Hardanger som det har vore arbeidd med i prosjekt over mange år utan at ein så langt har lukkast med konkrete etableringar. Tida er no inne for å fremma tiltak av overogdna / nasjonal verdi og som er viktige både den nye storkommunen i Hardanger; Ullensvang kommune som er skapt av ei frivillig samanslåing av Odda, Ullensvang og Jondal så vel som for heile regionen.

For Odda kommune er det viktig å nemna nokre prosjekt det har vore arbeidd med over lengre tid for å etablere statlege funksjonar i regionen. Formanskapet meiner at desse prosjekta er naturleg og nyttig å utgreia nærare i samband med førebuing og gjennomføring av den oppgåveflyttinga som rapporten omtalar.

Konkrete prosjekt i Hardanger er:

- Senter for indistrtiarkiv(SINDARK) i Odda / *Nye Ullensvang*
- Norsk jordskiftesenter - Agatunet i Ullensvang/ *Nye Ullensvang*
- Kompetansesenter for forvaltning av freda vasskraft- og industrianlegg, Odda/Tyssedal/ *nye Ullensvang*
- Kontor for nasjonalt våpenregister i Odda / *nye Ullensvang*
- Nasjonalt fartøyvern for trebåt Norheimsund i *Kvam*

Saka skal ekpederast av:

Særutskrift skal sendast til:

Sakshandsamar

Kommunal og moderniseringsdepartementet

Hardangerrådet

Ullensvang herad

Jondal I kommune

Arkiv